

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Stora Ringheim Hotell, Voss
Dato: 29.11.2017
Tidspunkt: 11:00 – 14.00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Turvoll	Leiar	VIK
Sigbjørn Hauge	Nestleiar	VOSS
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem	SFFK
Liv Anne Aanesen	Medlem	MODA

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Frode Merkesvik	MEDL	HØY
Inger Ulvund	MEDL	HOFK

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær/forvaltar

Andre:

Veronika Seim Bech	Landbrukssjef Vik kommune
Kristoffer Ullern Hansen	SNO
Nils Kvamme	Prosjektleder - skjøtselsarbeid

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Elektronisk godkjent av:

Olav Turvoll

Karen Marie Hjelmeseter

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 17/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 18/17	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 19/17	Referatsaker		
RS 10/17	Referat frå møte i fagleg rådgjevande utval for Stølsheimen landskapsvernområde 18. og 19. oktober 2017		2017/3338
RS 11/17	Masterplan for reiselivet i Sogn		2017/559
RS 12/17	Reiselivskonferanse - Fjordane frå bre til hav 2017		2013/3025
RS 13/17	Behov for auka kapasitet til forvaltning av verneområde i Nærøyfjorden og Stølsheimen		2015/3985
RS 14/17	Spørsmål om rapport frå nedtapping av Torvedalstjørni		2017/3905
ST 20/17	Delegerte saker		
DS 11/17	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til helikoptertransport i Hanekamdalen		2017/3048
DS 12/17	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til helikoptertransport av materiale til støls huset i Rappen		2017/3021
DS 13/17	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til helikoptertransport til Selhamar turisthytte		2017/2092
DS 14/17	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til utbetring av stølstien ovanfor Negardstølen		2017/3583
ST 21/17	Tiltaksmidlar til ny bru over Dårlegelva		2016/3073
ST 22/17	Stølsheimen landskapsvernområde - Tiltaksplan 2018 og bestilling av tjenester av SNO		2017/3856
ST 23/17	Stølsheimen verneområdestyre - drift av styret 2018		2014/46

ST 17/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 29.11.2017

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 18/17 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 29.11.2017

Vedtak

Karen Marie Hjelmseter vart valt til å skriva under protokollen saman med styreleiar. Protokollen vert elektronisk godkjent.

ST 19/17 Referatsaker

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 29.11.2017

Referatsakene (RS) vart lagt fram til orientering. Styret behandla fylgjande RS-saker:

RS 14/17

BKK har gjennomført vedlikehaldsarbeid på vassvegen til Evanger kraftverk denne hausten. For å utføra arbeidet på ein forsvarleg og trygg måte, måtte vasstanden i Torvedalstjørni senkast ned til ventilen i dammen. BKK melde ikkje frå om oppstart av arbeidet, då BKK rekna arbeidet som vedlikehaldsarbeid. På førespurnad frå verneområdeforvaltar, sende BKK rapport om arbeidet som vart utført og verknaden på Torvedalstjørni. Torvedalstjørni vart senka frå normalvasstand på kote 803,9 moh til vasstand på ca. kote 803,1 moh i perioden 15. august til 31. oktober.

I følgje verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde, er vanleg vedlikehaldsarbeid på eksisterande anlegg ikkje søknadspliktig. Vanleg vedlikehaldsarbeid vert definert som mindre arbeid som i liten grad verkar inn på landskapets art og karakter. Planlagt endring av normal vasstand i eit vatn kan påverka landskapet. Tiltaket i Torvedalstjørni var naudsynt for å få gjennomført arbeidet på vassvegen til Evanger kraftverk. Verknaden på landskapet var avgrensa til den perioden vasstanden var under kote 803,9 moh. BKK ville truleg fått løyve til dette tiltaket etter verneforskrifta og naturmangfaldlova. Verneområdestyret vel difor ikkje å rapportera denne saka, men ber BKK sende dispensasjonssøknad til verneområdestyre ved seinare vedlikehaldsarbeid og endring av vasstand på dammar innanfor verneområdet. Verneområdestyret vil då vurdera verknaden tiltaket har på landskapet, og om tiltaket er søknadspliktig etter verneforskrifta.

RS 10/17 Referat frå møte i fagleg rådgjevande utval for Stølsheimen landskapsvernområde 18. og 19. oktober 2017

RS 11/17 Masterplan for reiselivet i Sogn

RS 12/17 Reiselivskonferanse - Fjordane frå bre til hav 2017

RS 13/17 Behov for auka kapasitet til forvaltning av verneområde i Nærøyfjorden og Stølsheimen

RS 14/17 Spørsmål om rapport frå nedtapping av Torvedalstjørni

ST 20/17 Delegerte saker

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 29.11.2017

Delegerte saker (DS) vart lagt fram til orientering.

DS 11/17 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til helikoptertransport i Hanekamdalen

DS 12/17 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til helikoptertransport av materiale til stølshuset i Rappen

DS 13/17 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til helikoptertransport til Selhamar turisthytte

DS 14/17 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til utbetring av stølsstien ovanfor Negardstølen

ST 21/17 Tiltaksmidlar til ny bru over Dårlegelva

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 29.11.2017

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre løyver kr. 40 000 i tiltaksmidlar til Bergen og Hordaland Turlag til ny bru over Dårlegelva. Bergen og Hordaland Turlag må senda søknad til Stølsheimen verneområdestyre om utforming og plassering av brua.

ST 22/17 Stølsheimen landskapsvernområde - Tiltaksplan 2018 og bestilling av tjenester av SNO

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 29.11.2017

Handsaming i møte

SNO, Nils Kvamme og forvaltar orienterte om gjennomførte tiltak i 2017 Forvaltar la fram framlegg til tiltak for 2018.

Verneområdestyret støttar tiltaksplanen som vart lagt fram i saksframlegget med eit tillegg. Nytt planleggingstiltak for å utgreia tiltak på utvalde stiar med høg ferdsel inn i verneområdet. Val av stiar skal avklarast i arbeidet med besøksstrategien.

Tiltaksplan med tillegg vart samrøystes godkjent.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre godkjenner fylgjande tiltaksplan for 2018:

Tiltak 2018	Samarbeidsaktørar	Kostnad	Prioritet
Skjøtsel av prioriterte stølar Negardstølen, Rotteskaret, Smørklepp, Ytstestølen, Sylvarnesdalen, Torvedalen.	Prosjektlear/grunneigar/ SNO	113 500	1
Vedlikehald stølsveg Hestfjellet	Prosjektlear/grunneigar	20 000	2
Skjøtsel og utbetring av stølsvegar: Fossesete – Vatnane	Prosjektlear/grunneigar/ SNO	80 000	3
Restaurering og nye vardar på stølsvegar, tradisjonelle vardar for stølsvegar	Grunneigarar	25 000	4
Planlegging av uttak av plantefelt med gran	Grunneigarar/konsulent	40 000	5
Planlegging/utgreiing av tiltak på utvalde stiar	SNO/grunneigarar/turlag	30 000	6
SUM		308 500	

Bestilling av personalressurs SNO 2018	Dagsverk
Oppsyn dispensasjonssaker	3
Tilsyn skjøtselsarbeid i kulturlandskapet	1
Sårbarvurdering våtmarksområde, besøksstrategi	3
Delta på møte om besøksstrategi og styremøte	3
Tilsyn/byte av verneskilt	2

ST 23/17 Stølsheimen verneområdestyre - drift av styret 2018

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 29.11.2017

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar. Fyrste møte i 2018 er 21. februar.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyr skal møte jamleg i 2018 for å arbeide vidare med besøksstrategien og gjere vedtak i dispensasjonssaker.

Styret kan sikte på følgjande årshjul:

21. februar:	Styremøte
Mai:	Styremøte/dialogmøte med FRU
August	Styremøte
September:	Styremøte med overnatting/synfaring
Nov./Desember:	Styremøte

Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta kan eit møte eventuelt avlysast/utsettast.

Budsjett for drift av styre vert lagt fram for godkjenning i møte. Forvaltar kan i samråd med leiar gjera mindre endringar på budsjettet før det vert sendt til Miljødirektoratet innan fristen 12. januar 2018.